



Ho Aaslaug.

Av Sigurd Nesje.

Ho var vœn. Ho hadde blanke blide augo og raudde runde kinner. Og ho var smild. Men det gjekk jo traatt for henne med lesingi. Ala — alt ho gret paa skulen, stakar! Naar skulemeisteren fortalte noko, og allvisst um det var noko morosamt, daa var ingen gløggare enn ho til aa sæta det. Og so vœnt som ho daa fortalte det uppatt, naar ho kom heim til mor si og bror sin. Men straks ho fekk med bok i aa gjera, var det som det var forsett. Eg tykte ofte hñnd i henne.

Det var ein jonsokdag. Me var saman alle borni paa garden og skulde leika jonsokbrudlaup. Det var so visi der i grendi millom borni. Ingen fann paa aa tyffja noko vondt um det; heller ikkje foreldri vaare, som ofte var med og hjelpte til.

Botolv hadde vore uppe i skogen og funne ei næver som var kvit og fri for korpa. So plukka me smaagutarne soleior, og gjentorne stakk hol i nævri og trædde deim i.

„Vœn skal no bera kruna?” spurde ho Ingebjørg. — „Du,” svara ho Ingeleiv.
— „Ala nei, det før no heller verta ho Aaslaug daa.”

Ho Aaslaug vart raud, men ho sagde ingen ting. „Ho er huga,” kvitra ho Brita.
— Huga var dei alle saman, det; men dei vilde ikkje vera ved det.

Ho Aaslaug vart brur. Vœn og truskyldig var ho aa sjaa paa, plent som soleiorne i kruna ho bar. So skulde me upp i garden og syna oss. Daa me svinka um fjøsnovi, møtte me skulemeisteren jo reint uventa. Denne skulemeisteren var komen fraa ei onnor bygd og var ugod paa visi vaar. Myrk og tagall var han jamt, og endaa verre i dag. Me som var hœve til aa lesa tok det lett. Men stakars Aaslaug! for henne var gleda burte. Ho var bleik som eit lit. Skulemeisteren sagde ingen ting; han mynstra oss alle og sende ho Aaslaug eit augnekast som ikkje spaadde noko godt. Og so gjekk han.

Den vœlte bruri tok paa aa graata og vilde hava av seg kruna. „Men han kann daa vel aldri verta vond for dette, veit eg?” sagde han Botolv. — „Ala jau, du kann vita det, so streng som han er paa slift,” jamra ho Aaslaug.

Dagen etter skulde me i skule. Ho Aaslaug var still og nedtryngd heile den lange vegen. Naar me freista aa trøysta henne, riste ho berre paa hovudet.


Endeleg var me samla kring langbordet. Dei som kunde lekorne sine slapp paa ei vis godt ifraa det. Men ho Aaslaug, stakar, var ikkje millom deim. Og no fekk ho høyra kva betre ho kunde gjort enn aa leika jonsok-brur. — Ho gret so saart.

Ho vart ikkje gammal, ho Aaslaug. Naar eg tenkjer paa henne, tykkjer eg jamt at ho hev blomekruna paa.



Lærebok for folkestulen.

1909.



[Biletet er ein illusjon; d'ær kje av Aaslaug.]